

REFERAT

Frå møte i Landsrådet for saueavl 16. november 2000

Møtestad: Staur gård

Deltakarar: Sigurd Krekke
Olav Tiller
Tormod Ådnøy
Lars Erik Wallin
John Olav Husabø
Signe Dahl (observatør)
Ingeborg Nygaard (observatør)
Leiv Sigbjørn Eikje (observatør, sekretær)

Rolf Aass hadde meldt forfall før møtet. Inger-Johanne Holme og Tone Maria Hanssen kunne heller ikkje delta på grunn av indeksberekningar.

Frå kl. 10.00 – 11.00 var det omvisning på seminastasjonen.
Møtet starta kl 11.00 og vart avslutta ca. kl 17.00.

Sak 45/00 Godkjenning av innkalling og referat frå tidlegare møte

Vedtak: Innkalling og referat frå forrige møte vart godkjent utan merknader, Det vart bestemt å setje opp det vidare arbeidet med kåringsmateriell og kjøtkåring som ei eiga sak.

Sak 46/00 Plan for revisjon av saueavlen – handlingsplan 2000

Det vart føretatt ein gjennomgang av oppgåver ein er ferdige med, oppgåver som ein heldt på med og oppgåver som ein ikkje har byrja på i Plan for revisjon av saueavlen – handlingsplan 2000.

Vedtak: Ein oversikt over kor langt ein er komen med dei ulike oppgåvene i Plan for revisjon av saueavlen – handlingsplan 2000, og ein vidare framdriftsplan, vart vedtatt som vedlegg til referatet viser.

Sak 47/00 Møte i Tiltaksfondet for småfe, fjørfe mm.

I samband med møte med styret i Tiltaksfondet 23.november 2000, i forkant av deira behandling av budsjettøknad, vart det gjennomgått ein del saker ein ville leggja vekt på til dette møtet.

Det vart og lagt fram eit brev ”Plan for revisjon av saueavlen – handlingsplan 2000 – kor ein står idag” som vart sendt til Tiltaksfondet 4.september d. å

Vedtak: Avls- og seminkonsulenten får i oppgåve å arbeide vidare med sakspapirer til møtet i Tiltaksfondet, med utgangspunkt i det som vart drøfta..
Brev som vart sendt til Tiltaksfondet 4. september 2000 vart tatt til etterretning.

Sak 48/00 Framtidig avlsarbeid på pelssau

Det er komen brev frå Dovre Pelsværring og Sogn Pelsssauring som underbyggjer bekymring for framtidig avlsarbeid på pelssau, då populasjonen av pelssau etterkvart har vorte relativ liten.

Vedtak: Ei eiga arbeidsgruppe, utpeika av Landsrådet for saueavl, skal leggja ein framtidig strategi for avlsarbeid på pelssau. Denne gruppa skal bestå av Leif Arne Nordheim, Ola Sæteren, Atle Arnesen og Hallvard Bakken jr. Avlskonsulenten vert sekretær gruppa, og får i oppgåve å innkalle til møte så snart som råd på

Sak 49/00 Embryoimport – framtidig strategi

Det er komen søknader til landsrådet angående import av embryo av sjeviot og gotlandsfår frå Gotland. På møte i landsrådet 14. juni behandla ein søknader om import av islandsk spæl og merino. Det er og interesse, blant sauehaldarar, for import av andre rasar.

Vedtak: Ein import av sjeviot og pelssau vil verta sett på i samband med oppstart av Nsg Semin AS.

Det vil verta gitt retningslinjer for import av embryo av andre rasar, med informasjon om måtar dette kan gjerast på. Det vil også verta informert om økonomiske forhold ved ein slik import. Det vil verta sett inn vêrer til semin etter importen dersom det er ønska av avlsmessige årsakar, eller dersom ei større gruppe av brukarar ønskjer det. Det vil då verta kompensert for dette til dei som har hatt kostnader med importen.

Sak 50/00 Landslaget for Reinrasa Norsk sau

I brev frå Landslaget for Reinrasa Norsk Sau vert det fremja ønskje om oppretting av eit arkiv innanfor Nsg for oppbevaring av kårings- og utstillingsresultater.

I same brevet vert det påpeika at ein føler seg kraftig motarbeida av dei enkelte avlsutvalg når det gjeld flytting av vêrer over fylkesgrensene, og at dette er ein sak som Nsg bør ordne opp i.

Vedtak: Landsrådet for saueavl ser positivt på oppretting av arkiv for kårings- og utstillingsresultater, og vil tilrå dette ovanfor styret i Nsg.

Landsrådet for saueavl meiner at det er Fylkesveterinæren som skal stå for godkjenning av flytting av dyr over fylkesgrensene.

Sak 51/00 Ullprøvar av seminvêrene

Det vart orientert om fleire henvendingar som er komen til landsrådet angående manglande ullprøvetaking av seminvêrene.

Betaling for transport av prøvevêrer av spæl, frå Hordaland til seminastasjonen på Særheim i Rogaland, vart og teken opp.

Vedtak: Ein vil halda fram med at ullbedømminga av vêrer i hovudsak kun skal finne stad på kåringa.

Landsrådet for saueavl betaler transport av prøvevêrer av spæl frå Hordaland til seminastasjonen på Særheim.

Sak 52/00 Godkjenning av ringar

Ein ønskjer å slå saman ring 61 og B ring Hol Komune.

Vidare er det søkt om godkjenning av det som vert kalla elitering i Etne komune, med bakgrunn i at Fylkesveterinæren ikkje lengre vil dispensere fra kravet om oppdeling av avlsgrupper i miniringer på inntil fire besetninger.

Fylkesveterinæren har henvendt seg til Statens dyrehelsetilsyn for uttale.

Det vart orientert om opptak av 5 nye medlemmer i Hallingdal Spælværing.

Vedtak: Landsrådet for saueavl godkjenner samanslåing av av ring 61 og B ring Hol kommune under føresetnad av at det vert godkjent av Fylkesveterinæren. Til seinare må ein sjå på kor mange prøveverer som kan granskast innan kvart fylke, med tanke på utbetaling av tilskot.

Det er veterinærmyndigheitene som må stå for oppheving av restriksjonar på drift av ring 143. Drift av ringen kan ikkje godkjennast før endeleg svar frå Statens dyrehelsetilsyn foreligg.

Orienteringssaka frå Hallingdal Spælværing vart tatt til etterretning.

Sak 53/00 Vidare arbeid med kåringsmateriell og kjøtkåring

Lars Erik Wallin la fram resultat frå evalueringa som vart gjort av deltakarane på samlinga for kåringsdommaransvarlege i Verdal 2.-3- september. Vidare arbeid med kåringsmateriell vart diskutert.

Innspel og erfaringar som er gjort med omsyn til kjøtkåring i haust, vart diskutert.

Vedtak: Referat frå samlinga for kåringsdommaransvarlege skal sendast til avlsutvalga i fylka. Det vil verta bedt om tilbakemelding på det kursmateriellet som vart nytta, før eit endeleg kursmateriell vert utarbeidd.

Avlskonsulentene får, med bakgrunn i målinger som er gjort i haust og erfaringar som er gjort tidlegare, ansvaret for det vidare arbeidet med bruk av ultralydmål i kjøtkåringa. Dette skal vere på plass til hausten 2001. Korrigeringsfaktorar i samband med ultralydpoeng vil det verta arbeida med i samband med Plan for revisjon av saueavlen – handlingsplan 2000.

Sak 54/00 Orienteringssaker

- a) Søknad om budsjettmidler 2001
- b) Prøvevêrer som ikkje er nytta tilfeldig
 - brev til avlsutvalget i Troms
- c) Semingransking – vegen vidare
 - brev til avlsutvalget i Troms
- d) Trekk av kjøttprisen for å styrke avlsarbeidet på fylkesplan
 - brev frå Nord-Trøndelag sau og geitalslag
- e) Indeksberkingane i haust
- f) Ansvar for kåringsopplegget for verlam, statskonsulentordninga, kontrakt mellom LD og Nsg.
- g) Avtale om utviklingsarbeid
 - avtale mellom Nsg og Institutt for husdyrfag, NLH
- h) Orientering om møter mm. som har funne stad i haust:
 - Kontaktmøte Oppland (15.-16.08.2000)
 - Samling for kåringsdommaransvarlege (2.-3.9.2000)
 - Møterunde Finnmark (4.-6.9.2000)
 - Kjøtkåring på Time (27.9.2000)
 - Framtidig avlsarbeid i Nord-Rogaland (27.9.2000)
 - Utviklingsarbeid Geno/IHF (28.9.2000)
 - Kontaktmøte Rogaland (20.-21.10.2000)
 - Representantsapsmøte (25.-26.10.2000)
 - Kontaktmøte Hordaland (28.-29.10.2000)
 - Haustmøte i Østfold sau- og geitalslag (2.11.2000)
 - Kontaktmøte Nord-Trøndelag (10.11.2000)
 - Skipingsmøte for forening for Gammal Norsk sau (11.11.2000)

Vedtak: Orienteringssakene vart tatt til etterretning.

Sak 55/00 Eventuelt

Det vart ikkje teken opp nokon saker under eventuelt.

ref.
Leiv Sigbjørn Eikje